



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Heradsstyresalen, Heradshuset på Dale
Dato: 28.11.2017
Tidspunkt: 14:00 – 18.45

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Bente Sundheim	Nestleiar	H
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV
Terje Davidsen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Björg Aase N. Hop	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Anny Bjordam Leiren	Björg Aase N. Hop	H

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Åse Elin Myking	Rådmann
Truls Morten Kaland	Økonomisjef
Unni-Renate Moe	Partner i Deloitte, t.o.m. sak PS 41/17
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor i Deloitte,
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Boris Groth
utvalgsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 36/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 37/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 38/17	Rådmannen presenterer tertialrapport for 2. tertial 2017		2017/28
PS 39/17	Rådmannen orienterer om status i sak "Stamnes sentrum vidareutvikling"		2017/97
PS 40/17	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2017		2017/28
PS 41/17	Bestilling av forvaltningsrevisjon		2017/87
PS 42/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 43/17	Referatsaker		
RS 13/17	17/7350 Melding om vedtak - Forvaltningsrevisjon av kvalitet innanfor helse og omsorg - Revisjonsrapport		2017/24
RS 14/17	Sender i e-postmelding – TILSYN SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP - PLAN FOR LUKKING AV AVVIK (L)(87598).pdf		2017/45
RS 15/17	Rapport frå tilsyn med tenestar til personar med utviklingshemming Vaksdal kommune 2017		2017/45
PS 44/17	Eventuelt		

PS 36/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Sakliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

PS 37/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 30.08.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 38/17 Rådmannen presenterer tertialrapport for 2. tertial 2017

Forslag til vedtak

Informasjonen som kom fram i høve 2. tertialrapport 2017 vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann, Åse Elin Myking, og økonomisjef, Truls Morten Kaland, presenterte tertialrapport for 2. tertial 2017, samt resultatet for september og oktober så langt det ligg føre, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen som kom fram i høve 2. tertialrapport 2017 vert teken til orientering.

PS 39/17 Rådmannen orienterer om status i sak "Stamnes sentrum vidareutvikling"

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Åse Elin Myking orienterte om status i sak om «Stamnes sentrum vidareutvikling» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vil verta lagt fram ei ny sak til politisk handsaming i formannskapet om «Stamnes sentrum vidareutvikling». Kontrollutvalet ber om å verta orientert om framdrift i denne saka etter kvart som det ligg føre nye opplysningar.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om å verta orientert i saka om framdrift i «Stamnes sentrum vidareutvikling» etter kvart som det ligg føre nye opplysningar.

PS 40/17 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Partner Unni-Renate Moe frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart også orientert om Deloitte sitt syn på føring av amortiseringsfondet og framtidig disponering av desse midlane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2017 frå Deloitte til orientering.

PS 41/17 Bestilling av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 30.01.2018 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Etter avstemming mellom prosjekt nr. 1 «Forvaltningsrevisjon av mottak og oppfølging av flyktningar» og nr. 4 «Forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring» vart prosjekt 4 vald mot stemmene frå Terje Davidsen (Ap) og Anny Leiren (H).

Kontrollutvalet diskuterte seg fram til at forslag til prosjektplan bør innehalde slike problemstillingar/moment:

- Administrasjon og sentrale politikarar
- Journalføring
- Arkivering
- Rutinar for innsyn
- Saksførebuing til politiske organ
- Kapasitet til å gjera ei forsvarleg utgreiing
- Kompetanse
- Er system og rutinar på plass og fungerer dei?
- Tilbakemeldingar på henvendingar til kommunen

På bakgrunn av dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av sakshandsaming, arkivering og journalføring.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 12.02.2018 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet

PS 42/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|---------------------------------------|--------------------------------------|
| • Kommunestyret | 18.09., 16.10., 23.10. og 13.11.2017 |
| • Formannskap/plan- og økonomiutvalet | 28.08., 02.10., 23.10. og 6.11.2017 |
| • Levekårsutvalet | 04.09. og 30.10.2017 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

PS 43/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

RS 14/17 TILSYN SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP - PLAN FOR LUKKING AV AVVIK

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt tilbakemeldinga i høve «Tilsyn samfunnstryggleik og beredskap – Plan for lukking av avvik» som skal sendast frå Vaksdal kommune til fylkesmannen innan 01.07.2018.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt tilbakemeldinga i høve «Tilsyn samfunnstryggleik og beredskap – Plan for lukking av avvik» som skal sendast frå Vaksdal kommune til fylkesmannen innan 01.07.2018.

Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.

PS 44/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 28.11.2017

Handsaming i møtet:

Før møtestart gjennomførte Deloitte, ved Eirik Bjørhusdal, eit 2-timars kurs i offentlege anskaffelser for kontrolluval og administrasjon.

Første møte i kontrollutvalet i 2018 vert sett til 28.02.2018. Møteplan for resten av 2018 vert å komme tilbake til i dette møtet.

Invitasjon til deltaking på Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin kontrollutvalskonferanse 07.-08.02.2018 vart send utvalet på e-post 27.11.17. Det er ingen i kontrollutvalet i Vaksdal kommune som har høve til å delta på denne konferansen.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Første møte i kontrollutvalet i 2018 vert sett til 28.02.2018. Møteplan for resten av 2018 vert å komme tilbake til i dette møtet.